

Høyringsssvar skolestruktur

Vi vil med dette levere høyringsssvar i saka om skolestruktur i Namsos kommune. Vi skriv dette både som heimflytta småbarnsforeldre og som arbeidstakarar i grunnskole og kulturskole på Jøa.

Å snu ei positiv utvikling

For snart 3 år sidan valde vi å gjera det same som mange har gjort før oss i seinare år (og som vi veit at enno fleire ønsker å gjera): Vi flytta heim til Jøa. Det var eit val som for vår del blei enklare å ta i vissheit om at før oss er det fleire andre i nokon lunde same situasjon som har gjort det same. Vi flytta heim ikkje som «den eine småbarnsfamilien som hoppar i det», vi flytta heim som ein del av ein straum av familiar som har flytta til (eller flytta tilbake til) Jøa og anten tatt med seg familie eller stifta familie her. Vi opplevde slik at vi var ein del av ein positiv trend da vi flytta heim. Her vil folk bu, her vil folk skape eit godt samfunn for seg sjølv og borna sine. Vi er sjølv levande bevis på at slik positivitet smittar og at det blir lettare for fleire å etablera seg her når ein kan sjå at andre gjer det. Det skapar framtidstru og bolyst. Mot denne bakgrunnen og med tanke på all den positive utviklinga som har gått føre seg på Jøa- mellom anna med omsyn til etablering av småbarnsfamiliar- er det beklageleg at forslag om nedlegging av ungdomstrinnet vårt legg seg som ein brems og eit usikkerheitsmoment i vegen for dei som akkurat no i dag tenkjer på å etablera seg på Jøa med familien sin. Dei finst! Vi vil difor på det sterkaste oppmode til at det i denne saka **ikkje** vert fatta vedtak som vil stanse og snu den positive utviklinga Jøa-samfunnet er i. **Dette inneber at ungdomsskolen på Jøa må bestå.**

Å spare seg til fant

Vi frykter at konsekvensen av å legge ned ungdomsskolen (og sjukeheimen) på Jøa blir at Namsos står att som ein fattigare kommune. Vi har allereie skrive om korleis vi opplevde å vera «ein blant mange» da vi valde å flytte heim og etablera oss på Jøa. Vi trur det er viktig at Namsos kommune anerkjenner og hegner om det faktum at for mange er det attraktivt å bu i utkantstrøk. Det å ha levedyktige bygdesamfunn utanfor bykjernen er i eit slikt perspektiv ein styrke og ein fordel for Namsos kommune. Dette kan vera blant faktorane som trekkjer fleire til kommunen. Det vil difor vera kortsiktig å fatte vedtak om nedlegging av distriktsskular. Det ein gjer da er å gjera seg mindre attraktiv som kommune å bu i. Ein vil ha mindre å tilby eventuelle tilflyttarar når ein står att utan bygdesamfunn med lokale institusjonar og ein vil forringe bokvalitet og bolyst for dei innbyggjarane som i dag har vald å busette seg i desse bygdesamfunna. Det kan fort få økonomiske konsekvensar.

Allereie i dag utgjer «grendene» (Statland, Otterøya, Jøa, Bangsund, Botnan...) ein betydeleg del av Namsos kommune berre i kraft av at ein ikkje ubetydeleg del av innbyggjarane i Namsos kommune bur på desse stadane. Skolenedlegging vil vera eit sær dramatisk inngrep for kvar og eitt av desse samfunna. For Jøa sin del blir vi i kommunen sitt høyringsnotat førespegla at ungdomsskoleelevane våre skal måtte tåle totalt 4 timar reiseveg **kvar dag** for å koma seg til og frå skulen. Kva vil det gjera for bolysta til alle oss med born i skolealder dersom ungdomsskolen på Jøa blir lagt ned? Du som les dette kan kjenne etter

sjølv kva du hadde synest om at dine ungar fekk ein såpass brutal pendlarkvardag lagt på seg, så har du svaret.

Å leggje ned ungdomsskulen er av same grunn også jamgodt med å stenge døra for etablering av fleire småbarnsfamiliar på øya. Det hjelper ikkje at vi kan friste med varierte fritidstilbod for barn og unge, trygt oppvekstmiljø, flott natur og mykje meir. Når potensielle tilflyttarar med skuleborn får høyre at å busette seg på Jøa også betyr å utsette borna for 3 skuleår med 4 timar på buss mandag til fredag allereie frå borna er 12 år, da snur dei på raude rappen. Er det ei slik utvikling Namsos kommune ønsker å styre i retning av? Kva er fornufta i det? Slik vi ser det vil dette korkje vera god samfunnsutvikling eller god økonomistyring.

Isolert sett kan det sjå ut som ein kan spare nokre millionar på å leggje ned ungdomstrinnet på Jøa (skjønt vi stiller oss litt tvilande til reknestykket, meir om det seinare). Men om konsekvensen blir at det som før vedtaket var eit levedyktig samfunn brått og brutalt får grunnlaget reve bort under seg og dermed i større eller mindre grad avfolkast, kva har ein «spart» da? Kva har ein tent? Innbyggjarar er lik inntekt for kommunane. Om innbyggjarane forsvinn er det ikkje usannsynleg at ein finn att seg i akkurat same situasjon om nokre år. Framleis er pengebingen slunken, det einaste ein har lykkast med er å øydeleggje eksistensgrunnlaget til det som elles var eit levedyktig samfunn.

Det vi skildrar her, sjølv om det er dramatisk, er ikkje «skremselspropaganda», det er høgst reelle konsekvensar som samfunn som Jøa blir møtt med dersom ungdomsskulen og andre institusjonar blir lagt ned. Det er slik sett gode grunnar til å frykte at resultatet av nedlegging av ungdomsskolen på Jøa (ein kan seie det same for skulane på Sørenget, Otterøy, Statland) blir at ein sparar seg til fant. Ein kan risikera å stå att fattigare etter vedtaket enn ein var før. Vi håper difor politikarane ser at Namsos kommune er meir tent med å investere i og å tru på Jøa og potensialet i Jøa-samfunnet. Her ser vi at folk ønsker å leve og bo og oppdra borna sine (dømesvis er elevtalet ved Jøa skole stabilt i overskodedeg framtid). Vi er avhengige av at Namsos kommune legg til rette for at det framleis skal vera mogleg å leve, bu og trivast her, både for oss som allereie bur her og for dei som kjem til å koma. **Da må skulen og sjukeheimen bestå.**

Å høyre det ein vil høyre- eit høyringsnotat på ville vegar

Vi vil også kome med nokre innspel når det gjeld høyringsnotatet til kommunen, da med spesielt fokus på scenario D (flytting av 8.-10. trinn på Jøa til Namsos ungdomsskole). Vi opplever at det er fleire problem med høyringsnotatet som gjer at det framstår som lite eigna til å basere ei avgjerd om skulestruktur på. Dette ønsker vi å sette fokus på.

Svakt og vagt

Høyringsnotatet om skulestruktur har trekk ved seg som gjer at det til tider framstår som svakt og vagt. Vi oppfattar at det framstår som *svakt* grunnlag for å ta beslutningar om noko så viktig som skulestruktur i kommunen fordi høyringsnotatet på fleire område er vagt, snakkar i generelle vendingar og ikkje om faktiske tilhøve i skulen. Det framstår òg svakt av

di det ikkje står ei einaste referanse til forskning eller anna oppbygging under påstandar og refleksjonar i notatet. Notatet tar for seg ulike aspekt, som elevens beste, sosiale forhold osv., men det visast aldri til forskning eller empirisk materiale som byggjer opp under eller syner at påstandane i notatet er riktige og faktuelle. Korleis kan ein på eit slikt grunnlag nytte høyringsnotatet som basis for ei særskild viktig politisk avgjerd? Slik det framstår er det uråd å vita om påstandane og refleksjonane i høyringsnotatet er faktuelle og basert på forskning og empiri (kvifor refererer ein i så fall ikkje til kjeldene?) eller om det heller er snakk om strøtankar, improvisasjon og heimesnikra syning.

Ei anna svakheit er at det etter vår oppfatning er grunn til å stille seg tvilande til den påståtte innsparinga nedlegging av ungdomsskulen på Jøa skal utløyse. Ein opererer i notatet med 0,3 millionar kroner i auka skysskostnadar. Vi stiller spørsmålsteikn til om dette reknestykket er påliteleg og etterlyser tydelegare forklaring på kva ein har lagt til grunn for å koma fram til det som etter vårt skjønn framstår som ein låg sum i auka skyssutgifter. I tillegg vil vi spele inn at det ikkje verkar som høyringsnotatet tar omsyn til skyssutgifter som melder seg i tilfelle der elevar ikkje kan følgje eller nytte seg av ordinært skyssstilbod. Svaret på dette blir fort drosje, som da må køyre frå Namsos-Jøa-Namsos 2 gonger pr. dag. Det er ikkje urealistisk at det kan verta behov for slik skyss, men dette vert det ikkje tatt høgde for i høyringsnotatet (det seier seg sjølv når notatet berre opererer med 0,3 millionar i ekstra skyssutgifter), noko som undergrev truverdet til notatet. Vi oppfattar også at notatet mistar truverd når det mellom anna snakkast om *kompenserande tilutak* (transport) heim i samband med fritidsaktivitetar i Namsos. Når notatet ikkje seier noko om kva ein ser for seg at slike tiltak skal koste eller kva ein er budd på å betale for eit slikt tiltak, så oppfattar vi det jamgodt med at dette er tomme ord. Alternativt måtte ein syne til kostnader ved tiltaket, som ein da igjen måtte sjå som ein del av det økonomiske totalbildet ved skulenedlegging (i praksis ein betydeleg reduksjon av innsparinga ved å leggje ned ungdomsskulen).

Ei anna svakheit ved høyringsnotatet er at det er vagt og generelt. Det snakkast i generelle vendingar om ulike aspekt, som fagmiljø i eksempelet under. Dette held ikkje mål all den tid dei generelle perspektiva som høyringsnotatet legg fram ikkje stemmer med forholda ved skulane, her Jøa skule. Eksempelet under syner dette:

Større fagmiljø kan gi bedre tilgang til kompetanse og bredere fagtilbud. Et større fagmiljø blant lærerne vil bidra til mer stabil bemanning og bedre utnyttelse av kompetanse. Dette vil styrke kvaliteten på opplæringen over tid. En overgang vil også gi et bedre fysiske læringsmiljø med tanke på tilgang på spesialrom. (s. 76)

“Refleksjonane” her framstår generelle og ikkje relevante/ treffande for Jøa skule. Jøa skule har godt utdanna personale og trekkjer til seg kvalifiserte søkjarar på lærarstillingar, noko vi har fått bevist igjen med stillingsutlysing som blei lagt ut i vår. Jøa skule har kompetente tilsette. Skulen har også godt eigna spesialrom. Vi har skolekjøkken som er under oppussing. Vi har moderne og gode fasiliteter i umiddelbar tilknytting til skulen (Fyret) og vi har rom for kunst og handverk og sløydsal. Korleis kan ein da påstå at “en overgang vil gi et bedre fysisk læringsmiljø med tanke på spesialrom”? Det heng ikkje på greip og er nok eit døme på at høyringsnotatet mistar truverd fordi det som står rett og slett ikkje er riktig.

Tendensiøst

Vi oppfatar òg at høyringsnotatet til tider er tendensiøst. Gjennom ordval og gjennom det ein har vald å fokusera på og trekkje fram (kontra det ein har vald å ikkje fokusera på og trekkje fram) meiner vi det står klart å sjå at høyringsnotatet har ei slagside. Følgjande sitat illustrerer dette. På side 101 i høyringsnotatet står følgjande å lesa om Jøa skole:

«Skolen benytter Fyret flerbrukshus til kroppsøving og svømming, noe som gir tilgang til moderne fasiliteter, men også innebærer avhengighet av eksternt bygg»

At Jøa skule har tilgang på moderne fasilitetar i Fyret (bokstaveleg talt eit steinkast unna skulen) skulle ein tru var udelt positivt. Vi stiller oss difor undrande til at ein har hekta på setninga om at dette «også innebærer avhengighet av eksternt bygg». Dei færraste vil vel oppfatta *avhengigheit* som eit positivt lada ord. Det ein er avhengig av er til last og ugagn for ein. Vi bruker avhengigheit om ting som tobakk, alkohol, spel osv. og vil vel aldri oppfatte det som positivt å vera *avhengig* av desse tinga. Vi stiller oss difor særers undrande til at det blir gjort eit poeng av at Jøa skole «er avhengig» av eit eksternt bygg og skulle gjerne sett at det blei klargjort kva det er ein har meint med denne formuleringa.

Slagsida kjem også til synes gjennom at framstillinga i høyringsnotatet ganske konsekvent etablerer perspektivet *smått = dårleg/negativt og stort = bra/positivt*. Det nemnast riktig nok fleire stader trekk eller kjenneteikn som kan vera positive ved mindre skular, men desse blir aldri tatt med vidare i «refleksjonen». Dei vert nemnt «så det er sagt», så går ein vidare og kjem forunderleg ofte fram til at det er på dei store skolane dei verkeleg positive kvalitetane er å finne. Eit eksempel på det vi her peiker på finn vi på side 73: *«sjølv om små ungdomsmiljø er oversiktlege er dei også «sårbare»*. Vidare (same stad):

«En samlet ungdomsskole gir større årstrinn og flere jevnaldrende å finne tilhørighet hos. Dette styrker den sosiale robustheten og reduserer risikoen for at enkeltkonflikter eller små elevkull får uforholdsmessig stor betydning for miljøet.»

Små skolar med små elevmiljø er altså «sårbare» (negativt lada ord), store skolar med store elevmiljø er «robuste» (positivt lada ord), synest å vera essensen i budskapet her. Vi synest det er vanskeleg å lesa dette som noko anna enn at ein her framsnakkar større skolar på bekostning av små skolar. Inntrykket som etablerast er at det med omsyn til sosiale forhold i beste fall er ei ulempe å gå på ein mindre skole, medan det er positivt å gå på ein stor skole. Denne oppfatninga held ikkje vatten og treng å nyanserast. Karl Jan Solstad og Marit Solstad har i boka «Små skolar og kortreiste elevar» eit kapittel med den treffande overskrifta «*Eit paradoks: Få elevar i skolen gjev rike vilkår for sosial læring*». I det nemnde kapittelet presenterer forskarane fleire faktaopplysningar som riv teppet vekk frå høyringsnotatets feilaktige framstilling av at «smått = sårbart/negativt, stort = robust/positivt». Mellom anna skriv forfattarane:

«Det går av fleire studiar fram at det er dei mindre skolane med aldersblanda klassar som opnar for, og langt på veg tvingar fram, rikare og breiare sosiale erfaringar for elevane». (Solstad og Solstad 2025, s. 79)

Solstad og Solstad (same stad) siterer også ein annan forskar, Rune Kvalsund:

«Han heldt fram at det er eit paradoks at dei skolane som «... gir den djupaste sosialiseringa når det gjeld føresetnader for å kunne meistre sosiale omstillingar på sosialt integrerende måtar ... samstundes [er] mest utsette for nedleggingspress»).»

Dersom det skulle vera nokon tvil om kva for skular det er snakk om når det står «dei skolane som gir den djupaste sosialiseringa», så er det dei **små** skulane. Høyringsnotatets unyanserte kategorisering av små skolar som sosialt sårbare og store skolar som sosialt robuste fell altså på si eiga urimelegheit. Om noko syner dette at om ein i Namsos kommune er oppteken av at elevane skal få god sosial læring, så bør ein leggje til rette for fleire små skular. Ein bør **iallfall** ikkje byggje ein enorm sentrumsskule, så scenario H kan skrotast umiddelbart.

Når «barnas beste» settast på bussen

Høyringsnotatet prøver gjennomgåande å overtyde lesaren om at det er *barnets beste* ein har i fokus når ein føreslår å leggje ned skular. Vi oppfattar diverre den påståtte omtanken for borna og kva som er best for dei som påklistra og hol. Det blir for oss umogleg å fatte og tru at nokon som tar til orde for at elevar frå Jøa skal sitje på buss 4 timar mandag til fredag gjennom heile ungdomsskoleløpet også er genuint opptekne av kva som er best for desse borna. Det går rett og slett ikkje an å sameine 4 timar reiseveg til skulen og *barnas beste*. Det går ikkje opp.

Reisetida elevane frå Jøa vil få dersom dei må til Namsos for å gå på ungdomsskole er heilt hårreisande uakseptabel. 2 timar for å koma seg med buss og ferje til skulen. 2 timar for å koma seg heim etterpå. Kven kan med handa på hjartet seia at det er akseptabelt? 2 timar på buss for å koma seg på skulen tilsvarer i reisetid å køyre frå Namsos sentrum til Åsen (Levanger kommune). Vi trur ikkje det finst eit menneske som oppriktig meiner at ein slik reiseveg er i nærleiken av det som er akseptabelt for ungdomsskoleelevar. 2 timar med buss og ferje for å koma seg til/frå skulen betyr grytidlege morgonar og seine ettermiddagar. Det betyr mindre tid med familie og vener. Det betyr at overskotet ungdomane i dag har til å delta i lag og foreiningar og vera rollemodellar og medborgarar i bygda si forsvinn. Konsekvensen for frivilligheita og for samfunnet kan bli dyster.

Ulrike moglegheiter og dårlegare føresetnader

4 timar på buss kvar dag inneber også ei heilt uakseptabel forskjellsbehandling av elevane på Jøa. Eleven som har brukt 2 timar på buss, ferje og ny buss for å koma seg på skulen har ikkje same føresetnad for å lære og utvikle seg som eleven som har brukt 10, 20 eller 30 min på å koma seg til skulen. Eleven som må bruke 2 timar på å koma seg heim frå skulen har ikkje same overskot til å gjera lekser, førebu seg til prøve eller gjera ferdig ei innlevering som eleven som sykklar til og frå skulen. Det er etter vår oppfatning heilt urealistisk å sjå for

seg at bussen vil fungera som leksearbeidsplass. I høyringsnotatet snakkast det om «like muligheter» (s. 75). Mellom anna står det:

«En samling av ungdomstrinnet kan også bidra til mer like muligheter for elevane på Jøa. Begrepet like muligheter innebærer at alle elever skal ha reell tilgang til de samme lærings- og utviklingsmulighetene, uavhengig av hvilken skole de går på.»

Vi stiller oss uforståande til at ein kan føreslå 4 timar reiseveg kvar dag for elevane på Jøa for så i neste andedrag påsta at dette vil innebera meir like moglegheiter. Eksempla vi har nemnt ovanfor syner klart og tydeleg at det å flytte ungdomsskolen frå Jøa til Namsos vil ha stikk motsett effekt for elevane frå Jøa. **Dette er ikkje eit forslag som skapar like moglegheiter, dette er eit forslag som hindrar elevane frå Jøa i å få utdanning og opplæring under like føresetnadar som andre elevar i kommunen.** Til dette vil vi også ta opp igjen at når høyringsnotatet tar opp «kompenserande tiltak» så er det etter vårt syn å oppfatte som eit luftslott. I notatet står det på side 75:

«Som et kompenserende tiltak kan kommunen organisere et skysstilbud på ettermiddag og kveld, slik at elever kan delta i fritidsaktiviteter og samtidig få transport hjem. Dette kan bidra til at elevenes muligheter til både læring og sosial deltakelse i større grad blir like.»

Korleis skal dette «skysstilbodet» organiserast? Blir det set opp bussavgangar som fraktar Jøa-elevane heim med ferja kl. 19, 20, 21 og 22, alt ettersom når dei er ferdige på fritidsaktiviteten sin i Namsos? Blir det drosjeskyss? «Heim for ein 50-lapp»? Kva skal elevane frå Jøa gjera mellom skuleslutt og fritidsaktiviteten? Det blir vel fort middag på Burger King og Storsenteret som ufrivillig SFO. All den tid det korkje ligg føre konkrete planar for *korleis* dette skysstilbodet skal organiserast eller eit truverdig overslag på kva det skal koste så er ikkje dette «kompenserande tiltaket» anna enn tomme og meningslause ord. Eit luftslott. Ein kan elles skyte inn at sjølv om vi på Jøa nok ikkje kan skilte med like stort utval av fritidsaktivitetar som Namsos by så er det langt ifrå slik at det er mangel på tilbod om aktivitetar å vera med på her. Vi har skyting, roing, tilgang på svømmebasseng, allidrett og korps, for å nemne noko. Det er altså ikkje slik at det manglar på fritidstilbod for ungdomen, berre fordi dei bur på Jøa.

Konklusjon

Vi har i dette høyringssvaret prøvd å belyse følgjande punkt:

- Jøa framstår som eit attraktivt samfunn å leve og bu i for folk i alle aldre. Det er viktig at Namsos kommune ser og tar konsekvensen av at levande bygdesamfunn utanfor bykjernen er til gagn for kommunen som heilskap. Vi vil åtvare mot mange negative konsekvensar, også økonomiske, dersom ein riv grunnlaget vekk frå bygdesamfunna
- Det heftar fleire problem og svakheiter ved høyringsnotatet til Namsos kommune. Vi har synt at notatet framstår som svakt og vagt, ved at det fullstendig manglar kjelder og fagleg oppbygging under påstandar og refleksjonar. Vi har også synt at det er god grunn til å vera skeptisk til innsparinga notatet hevdar nedlegging av ungdomstrinnet

på Jøa utløyser, på grunn av mangelfullt kostnadsoverslag i samband med transportutgifter. Notatet er vagt av di det ofte skriv i generelle vendingar som ikkje er relevante eller treffande for dei faktiske tilhøva ved Jøa skole. Alt dette undergrever truverdet til høyringsnotatet og konklusjonane/ forslaga som vert lagt fram

- Å leggje ned ungdomstrinnet vil innebera totalt uakseptabel reisetid for elevane på Jøa. 4 timar reisetid for ungdomsskoleelevar er hårreisande uakseptabelt og vil medføre fundamentalt dårlegare føresetnader for læring og trivsel for elevane frå Jøa. Høyringsnotatet skriv om kompenserande tiltak, men all den tid det korkje er skildra konkret korleis slike tiltak skal sjå ut eller kva dei skal koste blir det for vagt til at det er truverdig

Som følgje av dette vil vi tilrå at kommunestyret forkastar scenario D og H.

Vi er også klare over at det er ein større diskusjon om struktur og innsparing i Namsos kommune for tida og vil også oppmode om at ein strever etter å sjå konsekvensar og resultat av eventuelle nedleggingar/innsparingar i eit heilskapleg perspektiv for dei samfunna som blir råka. Vi vil minne om at innsparing/ nedlegging gjerne råkar hardare i små samfunn og at alt heng saman med alt. Også denne prosessen må ein ta seg i akt for ikkje å «spare» på eit område som med tida syner seg å bli eit inntektskutt.

Christer Lajord og Guri Tranås.

Kjelder

Namsos kommune (2026, 16. mars). *Høyringsnotat Konseptutredning for skolestruktur i Namsos-skolen.* [horingsnotat-forskrift-til-skolekretsgrenser-namsos-kommune-160326.pdf](#)

Solstad, K.J. & Solstad, M. (2025): *SMÅ SKOLAR OG KORTREISTE ELEVAR - Til det beste for elevar, bygdesamfunn og land.* Oplandske bokforlag.